



Odd Bjørnar Gaustad  
Nordre Austmarka 73  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/5973 - 21/70193

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
22.10.2021

## Løyve til flytting av avkjørsel - gbnr 477/12 Solheim vestre

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 1124/21**  
**Tiltakshavar:** Odd Bjørnar Gaustad  
**Ansvarleg søker:** Odd Bjørnar Gaustad  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter veglova.

### VEDTAK

**Alver kommune gjev løyve til å etablere felles ny avkjørsle til gbnr 477/12 og gbnr 477/11 på Solheim vestre frå kommunal veg 6009 med heimel i veglova §§ 43 med tilhøyrande regelverk.**

#### Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med situasjonsplan datert 17.09.21 mottatt 21.10.21.
- Avkjørselen skal opparbeidast slik at den innvilgar tekniske krav til avkjørsel fastsett av vegdirektoratet i Veglova §§ 40-43, forskrift om "alminnelege regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg", samt Vegenormal N100. Det er blant annet satt krav til geometrisk utforming av avkjørselen, sikt, svingradius, drenering under avkjørselen og at en skal kunne snu på egen grunn.
- Det sette krav om at eksisterende avkjørsel på Gbnr 477/12 blir stengt. Kommunal grøft skal tilbakeføres. Grøft skal ha en bredde på minimum 1,0 meter. Utformingen skal være slik at området/grøftearealet ikke innbyr til parkering (fall fra kant på kommunal veg).

- Det må tas hensyn til VA-ledninger som ligger langs kanten på kommunal veg ved flytting av avkjørselen.

**Saksutgreiing:**

**Tiltaket**

Saka gjeldt søknad om løyve til etablering av ny felles avkjørsel frå communal veg for to bustadeigedommar på gbnr 477/11 og 477/12. Det er vurdert at eksisterande farleg avkjørsel på gbnr 477/12 skal stengjast og ny avkjørsel felles med gbnr 477/11 frå communal veg KV6009 skal etablerast etter veglova.

**Planstatus**

Tiltaket ligg i regulert område, som er regulert til bustad og vegføremål i reguleringsplanen for Austmarka, del 3.

**Uttale frå fagmynde**

Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga har gitt uttale i saka 21/7692 den 13.09.21 og i e-post av 21.10.21.

**Privatrettslege tilhøve**

Eigar av gbnr 477/11 har samtykket til etablering av felles avkjørsel på gbnr 477/11 og 477/12 i skriftleg avtale mottatt 21.10.21.

**Samandrag/konklusjon:**

Alver kommune vil gje løyve til etablering av ny avkjørsle knytte gbnr 477/12 på vilkår at eksisterande avkjørsle på gbnr 477/12 skal stengjast.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

**Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/5973

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Odd Bjørnar Gaustad

Nordre  
Austmarka 73

5938

SÆBØVÅGEN